

Fosnstraumen

TEMA: Den gløynde saga ①27

KART: ④429

KOTEDALEN

Ved det søre festet for brua mellom Radøy og Fosnøy fann arkeologane ein steinalderbuplass utanom det vanlege. Her var tjukke «kulturlag» med leivningar av avfallsdyngjene frå eit fangstfolk. Staden heiter KOTEDALEN. Hit har dei kome, den eine flokken etter den andre, og slege seg ned nokre veker, månader, eller kanskje år, før dei drog vidare, og bu-plassen vart liggjande brakk. Gong etter gong har dette hendt. Minst 16 busetnadsfasar har kunna påvisast, spreidde over 5 500 år.

Kva var det som drog folk ut hit, om att og om att gjennom 180 generasjonar? Svaret finn vi i avfallsdyngjene – eller rettare sagt i dei ørsmå beinrestane som fanst somme stader i oskelag og eldstader. Svært mange av dei beina som kunne bestemmast, var av fisk. Mellom pattedyrbeina dominerer sel og oter, og i fuglematerialet finst berre sjøfugl.

Funna syner at til alle tider har den fiskerike straumen lokka til seg både folk, dyr og fugl – som han gjer i dag. For Fosnstraumen er ein av dei beste fiskeplassane i Nordhordland. Det vart funne mange reiskapar og reiskapsrestar av stein på bu-plassen, og ei mengd med avfall frå tilverking av reiskap, om lag 230 000 gjenstandar i alt.

I det eldste laget, heilt på botnen av bu-plassen, fanst små, primitive flintoksar

og pilespissar frå det første kystfolket. Dei slo seg ned ved straumen for nær 10 000 år sidan. Men etter dei ser det ut for at staden vart gløymd og har lege langt på veg unytta i halvtanna tusen år. Kring 6 400 år f.Kr. kom eit anna folk til Kotedalen og oppdaga den rike matkjelda. I dei neste 3 600 åra steig det rett ofte opp røyk frå bu-plassen i skogkanten ved Fosnstraumen.

Kring 2 800 år f.Kr. – på den tid dei første store pyramidane i Egypt vart bygde – vart Kotedalsbuplassen nedlagd for godt. Dei fiska nok framleis i straumen, gjerne like mykje som før, men no låg bu-plassane andre stader. Heretter var det omsynet til åkerland og beitemarker som avgjorde kvar det var best å bu.

I Kotedalen er det ein merka steinaldersti. □

FISKET VED FOSNSTRÅUMEN

I eldre steinalder vart bu-plassen ved Fosnstraumen berre vitja i sommarhalvåret. Sei var viktigaste fiskeslaget, men det vart og fiska mykje lyr og torsk og litt laks, berggylt og flyndre. Seien var av «pale»-storleik. I yngre steinalder budde folk ved straumen både i sommar- og vinterhalvåret. Fiske var like viktig då som tidlegare, og dei same fiskeslaga vart hausta. Både i eldre- og i yngre steinalder var krok og taum dei vanlegaste fiskereiskapane. I yngre steinalder tyder funn av sild og ål på at dei òg nytta nett og nuser. Og den sildestamma som i dag går i fjordbassenget i Lindåspollane, er faktisk 6 000 år gammal.



Fleire millioner små beinfragment vart funne på bu-plassen, dei fleste var av fisk. Under: Kart over bu-plassane i Fosnstraumen.



Krok og taum var, saman med lyster, dei vanlegaste fiske-reiskapane i steinalderen.

Bilete frå utgravinga.

